

DETALJREGULERING FOR STAD MOLO OG
LEIKANGER INDRE HAMN
STAD KOMMUNE
PLANPROGRAM



Kilde: Norgeskart.no

18.05.2022

DOKUMENTINFORMASJON:

Dato 2022.05.18
Revidert
Prosjektleder Øyvind Sødal, Nordplan as
Prosjektmedarbeidar Anja Øren Røyen, Feste Nordøst as
Godkjent
Dokument Forslag til planprogram. Detaljregulering for Stad molo og Leikanger indre hamn

INNHOLD:

1.	BAKGRUNN OG FORMÅL.....	3
1.1.	PLANLAGT TILTAK.....	3
1.2.	PLANOMRÅDET	4
2.	OVERORDNA FØRINGAR OG GJELDANDE PLANAR.....	5
2.1.	NASJONALE FØRINGAR	5
2.2.	KOMMUNALE FØRINGAR.....	6
3.	PLANPROGRAM OG KONSEKVENSUTREDNING.....	8
3.1.	PLIKT OM PLANPROGRAM OG KONSEKVENSUTREDNING	8
3.2.	VURDERING AV PLIKT OM KONSEKVENSUTGREIING OG VERKNADER AV PLANEN	8
3.3.	METODE.....	9
3.4.	UTREDNINGSTEMA	10
4.	SAMFUNNSTTRYGGLEIK.....	11
4.1.	FORELIGGENDE ROS-ANALYSE FOR OMRÅDET	11
4.2.	KARTLEGGING AV RISIKO- OG SÅRBARHETSFORHOLD.....	12
5.	PROSESS.....	14
5.1.	FRAMDRIFFT	14
5.2.	MEDVIRKNING OG INFORMASJON.....	14

1. BAKGRUNN OG FORMÅL

Stad molo as ønsker å etablere ei indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet, og vil slik leggjetil rette for vekst og utvikling. I dag manglar Stadlandet kaier for båttrafikk for alle kategoriar. Eksisterande kaier har ikkje kapasitet til meir bruk. Ein molo vil kome til å bli eit vern mot havet, og motverke at klimaendringane øydeleggjer eksisterande verksemder og bygningar. Slik vil den gje moglegheit for nye næringar, berekraftig turisme og gi ei trygg hamn for fiskeflåte, nyttefartøy, og båtar nytta til fritid.

Det skal byggast skipstunnel, og sprengmassar herifrå planleggast nytta for gjennomføring av prosjektet. Leikanger ligg innafor den avstand Kystverket har sett for gratis levering av steinmasse frå skipstunnelen. Med all sannsyn vil steinmassen egne seg til molo og utfylling, og til næringsareal innafor molo-vernet.

Stad molo as ønsker difor å starte arbeid med ein detaljreguleringsplan for å legga til rette for ny molo og indre hamn ved Leikanger i Stad kommune.

Planarbeidet har som formål å:

- Bygga molo som vernar sjølinja ved Leikanger. Denne er i dag utsett for storm og uvær, samt framtidigeklimaendringar.
- Legga til rette for offentleg transport via sjøvegen.
- Legga til rette for turisme og næring knytt til sjø.
- Legge til rette for utvida næringsformål – oppnå meir næringsareal og kaianlegg for næringsformål.
- Sikra god estetikk og gode visuelle kvalitetar i utforminga av molo og området.

1.1. PLANLAGT TILTAK

Fiskerinæringa, marine verksemder og maritim industri har påpeika behov som må bli løyst dersom næringane skal ha ei framtid på Stadlandet.

På Stadlandet finst verdens ledande miljø for havgåande linebåtar. Reiarlag står ovanfor store strukturelle endringar, og må ha nye løysningar for service og heilårs fiskerikai. Oppdrett av nye marine arter krev landbasert industriareal. Tidsriktig produksjon av foredla fiskeriprodukt krev nye areal til næring. Verksemder for produksjon innan industri, bygg, anlegg og service er i dagens situasjon i ferd med å bli fastlåst. En molo med ei indre hamn vil kunne løyse de fleste av utfordringane.

I sentrumsområde Korsen på Leikanger skjer det no ei utvikling. Fleire satse på reiseliv, mat og overnatting. Det skjer økonomisk investering, og det kjem nye arbeidsplassar. Det nye hotellet skapar aktivitet, det byggast bustader, og grøntområde rustast opp.

Det er teikna og berekna skisser for korleis ein molo utanfor Leikanger kan bli utforma, og bli sjåande ut. Skissene vil gjennom planprosessen bli endra og tilpassa innspel, og som fylgje av utgreiingar og ny kunnskap.


Fulldyrka areal på 21.4 lengst i sør er i gjeldande reguleringsplan for Stad næringspark regulert til næring. Her er det aktuelt med tilbakeføring til landbruksformål. Det er og aktuelt med utvida bryggjeanlegg for næringsdrifta tilknytt den eksisterande bryggja.

Strandsona som ikkje inngår i ny detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum (retning Stave) får eit anna føremål enn molo, men slik at det t.d. blir høve til å etablere t.d. småbåthamn. Vurderingar kring dette vert ein del av planprosessen.

1.2. PLANOMRÅDET

Vi foreslår å strekke planområdet (figur 2) fra næringsverksemda Per Stave AS i nord, til Stad næringspark i søraust. På innsida av moloen vil planen avgrensast mot detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum.

Moloen er planlagt som fylling, omlag 180-200 meter ut frå land på ca. kote -21. I skisseprosjektet er kvar molodel ca. 600 meter, totalt ca. 1,2 km. lang, og har ein breidde på 3,5-4,0 m. Moloarmane skal i det videre arbeidet prosjekterast og avgrensast til den lengde og storleik som er naudsynt for å stette behovet for kaianlegg langs moloane, moloane skal deretter gå over til bølgjebrytar. Fyllinga vil krevje om lag 1,3 mill. m³ sams masse. Biltilkomst til moloen vil skje via Stad næringspark og ved Per Stave AS på Stave. Fylling av moloen vil sannsynlegvis skje frå båt, frå sjøsida



Figur 2: Foreslått planområde for molo og innde hamn er vist med rød strek på grunnlagskart.

2. OVERORDNA FØRINGAR OG GJELDANDE PLANAR

2.1. NASJONALE FØRINGAR

Plan- og bygningslova (2008)

Planlegging etter lova skal sikra ein berekraftig utvikling for heile landet, og dessutan at kvar og ein av oss kan vera med i slutningar som gjeld oss og omgivnadene våre. Plan- og bygningslova gir grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Arealbruken blir gjort bindande for den enkelte grunneigaren gjennom planar som bestemmer kva bygge- og anleggstiltak og kva verksemd som er tillaten. Planlegging skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale interesser og må derfor skje i nært samråd med statlege fagetatar, organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar.

Naturmangfaldlova (2009)

Lova omhandlar forvaltning av naturressursane, omfattar all natur, og gjeld for alle sektorar som forvaltar eller tar avgjerder som har konsekvensar for naturmangfaldet. Mange av prinsippa som følgjer av lova er sentrale for å vareta miljøomsyn i arealplanlegging.

Kulturminnelova (1978)

Lov om kulturminne (kulturminnelova) har som formål å verna kulturminne og kulturmiljø som del av kulturarven vår og identitet, som ledd i eit heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Kulturminne er ressursar som gir grunnlag for nolevande og opplevinga til framtidige generasjonar, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Jordloven (1995)

Jordloven, lov om jord av 12. mai 1995. Formålet med lova er å sikre at arealressursane i Norge (jord, skog og fjell) brukast på ein mest mogleg samfunnsgagnleg måte. Loven legger vekt på at jordviddene skal brukas på den måten som er mest gagnleg for

1. Samfunnet (med sikte også på framtidige generasjonars behov)
2. De som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast slik at man får «*ei tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar*».

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023

Vedtatt ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Dokumentet er utarbeide i høve til plan- og bygningslova sin § 6-1. Forventningane er delt inn i tre hovudområde:

- 1) Vekstkriftige regionar og lokalsamfunn i hele landet
- 2) Berekraftig areal- og transportutvikling
- 3) Byer og tettstadar der det er godt å leve

Det andre hovedfokusområde gir føringar om planlegging som bidrar til å redusere klimautslepp, herunder styrka knutepunkts-utvikling. Det tredje hovedfokusområde gir føringar for ein tettstadsutvikling som i tillegg varetar befolkningas helse, trygghet og trivsel, og som er attraktive for et variert tilbod av handel, tenester og aktivitetar.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byer og tettstadar, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettstadar, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer.

Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging (2008)

Formålet med rundskrivet er å sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov. Rundskrivet skal sikre at det offentlege varetak sitt ansvar for å sikre barn og unge de tilbod og mogleger som samla sett kan gi den enkelte utfordringar og en meiningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn. Det vises også til rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn- og unges interesser i planlegginga, som framleis er gjeldande.

Universell utforming

Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminneleg bruk skal utformast slik at alle menneske skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemidlar. Det er satt økt fokus på dette temaet de seinare år i Norge, der det sentrale dokumentet er Handlingsplanen for økt tilgjengelighet gjennom universell utforming.

Meld. St. 18 (2015-2016) Melding til Stortinget. **Friluftsliv.** Natur som kjelde til helse og livskvalitet.


Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 11.03.2016 og godkjent i statsråd same dato. Målet i meldinga er å vareta og vidareutvikla friluftslivet, gjennom bevaring og tilrettelegging av viktige friluftsområde, stimulering til auka friluftsaktivitet for alle og varetaking av allemannsretten. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

2.2. KOMMUNALE FØRINGAR

Kommunedelplan for sjøareal 2022-2032, Stad kommune

Kommunedelplanen skal leggja til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda til kommunen. Aktiviteten skal ikkje kome i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde , eller bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande.


I kommunedelplanen er sjøområde utanfor Leikanger lagt ut til hamn, område «VHS01 Leikanger hamn». Per Stave sitt areal er i kommunedelplanen sett av til næring, og gitt nemning «BN02». Sjå figur 4. Konsekvensutgreiinga for kommunedelplanen peiker på fleire verknader av etablering av molo utanfor Leikanger som må kartleggast nærmere. Det er krav om detaljregulering med konsekvensutreiing for detaljering av området. Utgreiinga skal inkludere marinbiologisk kartlegging.



Figur 3: Utsnitt frå
kommunedelplan for sjøareal
2022-2032, Stad kommune.
Grønt område er VHS01, og lilla
område er BN02

Detaljregulering for Nedre Sjåstad

Stad næringspark på Nedre Sjåstad er ferdig regulert og gjev eit godt grunnlag for realisering av meir næringsareal og gode kaianlegg. Her er fylt ut i sjø og reguleringsplanen legg til rette for etablering av større kaianlegg. Utbygging av kaianlegget er sterkt ønskt av aktørane på næringsarealet, og det er planar om meir utfylling i sjø i tråd med plan, for å få meir næringsareal. Deler av detaljreguleringsplanen for Stad næringspark inkluderast i arbeidet med Stad molo for å utvide kai- og næringsareal.



Figur 4: Gjeldande reguleringsplan for Stadnæringspark.

Detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum

Det er ein pågåande planprosess om ny plan for Leikanger sentrum. Denne forventast sluttbehandla i september 2022, dersom føreliggande motsegn blir trekt.

Detaljreguleringsplan for Stad molo og Leikanger indre hamn må legga seg inntil plangrensa for Leikanger sentrum, og forhalda seg til vilkår satt i denne planen.

3. PLANPROGRAM OG KONSEKVENSUTGREIING

3.1. PLIKT OM PLANPROGRAM OG KONSEKVENSUTREDNING

Forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.07.2017 (KU-forskriften) gjeld for planar etter plan- og bygningslova. Planar som omfattar tiltak i vedlegget til forskrifta I skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Planar som omfattar tiltak i vedlegget til forskrifta II skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentleg verknader for miljø, naturressursar eller samfunn, men ikkje ha planprogram eller melding.

I 2020 kom Rettleier om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Formålet med vegleiaren er å gi ei meir utfyllande skildring av forskrifta om konsekvensutgreiingar (KU) frå 2017. Vegleiaren skal gjera tydeleg korleis avgjerdene til forskrifta er meinte å tolkast, kva krav som blir stilte, og kva departementet forventar av kommunane og fylkeskommunane i plan- og utgreiingsarbeidet deira.

3.2. VURDERING AV PLIKT OM KONSEKVENSUTGREIING OG VERKNADER AV PLANEN

Stad kommune v/plan og forvaltning har gjort ei vurdering av KU-plikta og kome fram til at det er krav om konsekvensutgreiing med planprogram.

I konsekvensutgreiing av arealformålet *VHS01 Leikanger hamn* i Kommunedelplan for sjøområda er det konkludert med at det er manglande kunnskapsgrunnlag knytt til marint naturmangfald, og at tiltaka kan få vesentleg verknad for naturmangfald, landskap, friluftsliv/nærmiljø, forureining og vassmiljø:

«Konsekvensutgreiinga viser at tiltaket gir verknad for marine ressursar, landskap og nærmiljø.

Det ligg ikkje føre tilstrekkelege data for marint biologisk mangfald for området. Tiltaket sitt store omfang med fylling over store areal, og manglande kunnskap/data om marint mangfald gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensane for livet i havet.

Ein samanhengane molo på ca. 1,2 km lengde vil gje dramatisk endra landskapsbilde. Molen vil bli svært dominerande i det opne fjordlandskapet. Bygda blir ramma inne av moloen og får i stor grad redusert visuell opplevingsverdi i forhold til i dag. Bygda er del av turistsatsing Vestkapp, og visuell verdi er ein del av reiselivsproduktet.

Omfanget på moloen bør reduserast vesentleg. Konsekvensar for marint biologisk mangfald og fiskeinteresser, visualisering av landskapsverknad, verknad for nærmiljø, og konsekvens for vassutsiktning i indre hamnebasseng må kartleggast nærmare.»

Det ligg krav om at ved detaljering av planar innanfor VHS01 skal området konskevensutgreiies, og det skal utførast marinbiologisk kartlegging.

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg I vil vere relevant for planarbeidet:

8. b) Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe.

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg II vil vere relevant for planarbeidet:

*10 e) ii. Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner
iii. Utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende farleder.*

10 k) Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.

11 k) Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m₃ masse.

I tillegg vil fleire av punkta i forskrift om konsekvensutredninger § 10, 3. ledd vere relevante, mellom anna truga artar og risiko for vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Tiltaka kan dermed føre til vesentlige verknader for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 10.

3.3. METODE

Dei ulike utgreiingstemaene gitt i planprogrammet blir vurdert. Konsekvensanalysen skal gjennomførast med utgangspunkt i Miljødirektoratets veileder for konsekvensutredninger av klima og miljø (2020). Metoden til handboka blir nytta for å vurdera:

- Kva verdiar finst i område der planen eller tiltaket er tenkt gjennomført?
- Korleis vil planen eller tiltaket påverke området, og kva konsekvensar gjer dette?
- Korleis skal vi vurdere ulike alternativ for å gjennomføre tiltaket eller planen?

Metoden er delt inn i 6 steg for fagtemaene naturmangfald, landskap, kulturmiljø og friluftsliv. Metoden for fagtemaene forureining og klimagassutslepp er også delt inn i steg, men har ein noko anna oppbygning. Stega i metoden skal brukas for å fastsette konsekvens av eit tiltak. Det skal i konsekvensutgreiinga også gjerast ei vurdering og skrivast om korleis planen eller tiltaket kan påverke vassmiljø og økosystemtenester.

O-alternativet

Konsekvensane av tiltaket skal vurderast i forhold til referansealternativet, kalla O-alternativet. Dette O-alternativet er definert som den situasjonen ein vil få i området dersom tiltaket ikkje blir gjennomført. Utgangspunktet for dette er dagens arealbruk, saman med dei planane som gjeld for den vidare utviklinga av området. Konsekvensane av tiltaket skal samanliknast med forventa utvikling.

Det blir forventa at planområdet ved eit O-alternativ vil fortsetja å vera eit ope sjø-område med næringsbedrifter på landsida dersom etablering av molo ikkje finn stad.

Alternativ utforming

Som del av konsekvensutredninga skal moloens størrelse og utstrekning vurderast, og det skal sjåast på ein alternativ utforming av moloen. Konsekvensar av tiltaket skal og vurderast i forhold til alternativ utforming, på lik linje som vurderingar i forhold til O-alternativet.

3.4. UTGREINGSTEMA

Planprogrammet skal så langt det er mogleg, ut frå kjente forhold, avklara kva tema som må belysast og greiest ut som del av reguleringa. Hensikta med planprogrammet er å skapa forutsigbarhet, og dessutan å definera problemstillingar knytt til den kommande reguleringa.

I samsvar med forskrifter vil det bli lagt vekt på at utgreiingane i størst mogleg grad skal nytta allereie eksisterande kunnskap/utgreiinger, slik at behovet for nye registreringar blir minst mogleg. Kartportalane miljostatus.no, skrednett.no, naturbase.no, skogoglandskap.no, fylkesatlas, askeladden.no, og dessutan opplysningar frå Fylkeskommune, kommune og lokalkjente, vil vera viktige kjelder for utgreiingane.

TEMA DET SKAL GJERAST GREIE FOR:	
Naturverdiar og biologisk mangfald, inkl. marint naturmangfald	Det skal gjerast greie for naturverdiane i planområdet og influensområdet til planen med bakgrunn i eksisterande kunnskap i databasar som naturbase, artskart, etc., og dessutan nyare naturtypekartlegging. Vurderingane skal knytast til krava i Naturmangfoldlovens §§ 8 – 12. Det skal utførast marinbiologisk kartlegging av området.
Landskapsbilde	Ein molo vil endre landskapsbilde i og ved Leikanger. Det skal lagast 3D-framstilling og visualiseringar som synleggjer tiltaket, både i nærmiljø og fjernverking. Landskapsbilde omhandlar de visuelle kvalitetane i omgjevnadene, og korleis desse endrast som følge av tiltak. Temaet skal ta for seg både korleis tiltaket er tilpassa landskapet sett frå land, og frå sjøen.
Friluftsliv inkl. allmenne interesser i strandsona.	Dagens bruk av området til friluftsliv og nærrekreasjon, og verknadene til planforslaget for desse interessene skal beskrivast og vurderast.
Vassmiljø, inkl., vasskvalitet og vassutskifting.	Ein molo vil endre forholda i sjøen utanfor Leikanger. Det som no er ein del av fjorden, vil måtte vurderast som eit basseng med begrensa utbytting av vatnet. Det skal gjerast ei vurdering av kva konsekvensar dette gjer, og kva tiltak som må gjerast for å sikre ein god kvalitet på vatnet innanfor moloen.
Forureining	Det skal gjerast ei vurdering av om moloen vil gje konsekvensar for forureining av sjø. Både lokalt innanfor moloen (Leikanger indre hamn), og i fjorden.
Næringsliv, inkl. reiseliv, fiskerinæring, marin næring og industri	Det skal gjerast ei vurdering av om, og korleis, ein molo vil påverke næringslivet, og kva konsekvensar det vil gje.
Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse, jf. pbl. § 4.3	Det skal utarbeides ROS-analyse for detaljreguleringsplanen. ROS-analysen baseres på gjeldende veileder fra Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (2017). På nåværende tidspunkt synes trafikksikkerhet og overvannshåndtering å være det viktigste risiko- og sårbarhetsforholdet i denne saken.

4. SAMFUNNSTRYGGLEIK

I detaljreguleringa skal det utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Analysen skal oppfylle krava i plan- og bygningslova, og være utført etter DSB rettleiar: «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*», 2017, som er ei metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga. Denne vil avdekke eventuelle behov for avbøtande tiltak knyta til reguleringsplan. Potensiell fare skal vurderast gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert samanfatta i ei risikomatrise, og det vert lagaei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta.

ROS-analysa for reguleringa av Stad molo utanfor Leikanger vil basera seg på gjeldande, overordna ROS- analysar:

- FylkesROS for Sogn og Fjordane vart sist revidert i 2017, og har sidan blitt utvida med to scenariobaserte analysar.
- I samband med kommunedelplan for sjøareal – Stad kommune vart det utført ei KU-vurdering med ROS. Denne vil og leggast til grunn for ROS-analysen som skal utførast i samband med reguleringsplanfor Stad molo.

I tillegg vil ROS-analysen for detaljreguleringa hente inn ny og meir relevant informasjon etter behov. ROS-analysen vil avdekke eventuelle behov for avbøtande tiltak knytt til reguleringsplanen.

Ved oppstart av planarbeidet for Stad molo, viser ein førebels vurdering at spesielt grunnforhold (skred) og stabilitet, stormflo, havnivåstigning og bølgjepåverknad, vil være relevante fokusområde. Dette vil kunne endrast når planprosessen er i gang.

4.1. FORELIGGENDE ROS-ANALYSE FOR OMRÅDET

ROS Vestland

FylkesROS for Hordaland og fylkesROS for Sogn og Fjordane, som har vore utarbeida av dei to respektive embeta før samanslåing 1. januar 2019 til Fylkesmannen i Vestland. Det nye embedtet er i gang med å førebu gjennomføring av ein ny felles fylkesROS for Vestland fylke.

FylkesROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) skal gi oversikt over risiko og sårbarheit i fylket, danne felles plattform for å førebygge uønskte hendingar og styrke samordninga av regionalt arbeid med beredskap og krisehandtering.

FylkesROS skal gi fylkesmennene eit betre grunnlag for dei ulike rollene embedtet har i høve samordning, som pådrivar for samfunnstryggleik i fylket, beredskapsplanlegging internt og i høve andre aktørar, innspel i førebyggande arbeid etter plan- og bygningslova og kommunane sitt arbeid med oppfølging av kommunal beredskapsplikt.

Heilsakeleg ROS-analyse for Stad kommune

Stad kommune er i gang med å revidere overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for heile kommunen. Ei overordna ROS-analyse skal avdekke kva risiko vi må ta omsyn til når vi planlegg beredskap.

Fagspesifikke risikovurderinger

Det er gjort ein gjennomgang av ulike fagspesifikke krav, jfr. DSBs rettleier 2017 s. 21 og 26.

Aktuelle krav for planområdet er innarbeidd i sjekklista på neste side.

4.2. KARTLEGGING AV RISIKO- OG SÅRBARHETSFORHOLD

For å identifisera moglege uønskte hendingar, har vi nytta sjekkliste laga med utgangspunkt i vedlegg 5 i DSBs rettleier. I tillegg vil tema frå FylkesROS og overordna kommuneROS vurderast. I lista har vi gått gjennom moglege hendingar, og gjort ei vurdering av relevansen deira for molo og næringsområde ved Leikanger. Vurderinga vår, og grunngiving for denne, er beskrive i høgre kolonne.

TEMAER	UØNSKET HENDELSE	IDENTIFISERING	BEGRUNNELSE
STORE ULYKKER	Brann/eksplosjon, utslipps av farlige stoffer, akutt forurensning	Ja	Hendinga som blir vurdert er definert som storulykkevirksomhet, eksempelvis prosessindustri, tankanlegg for væsker og gassar, eksplosiv- og fyrverkerilager. Det finst store næringsbedrifter i og i umiddelbar nærliek til planområdet. Må vurderast.
	Større ulykker (veg, bane, sjø luft)	Ja	Båtar kan kollidere, eller dei kan få problem på grunn av uver. Det er ynskje om at moloen leggast til rette for store båtar.
NATUREFARE	Nedbørutsatt	Nei	Prognosar fra NVE viser at vi må forvente mer nedbør/ekstremnedbør i framtida. Sjøl om det vert meir nedbør, vil ikkje dette påverke vannivå i sjøen, drift av moloen og næringsaktivitet her.
	Ekstrem vind	Ja	Planområdet ligg vindutsatt til. Ved ekstremvær vil det kunne oppstå skader innenfor området. Skadeomfanget på bebyggelsen vil ikke være av en størrelsesorden som medfører vidare vurdering og tiltak gjennom ROS-analysen.
	Overvatn	Ja	Utbygging i næringsområda vil gje fleire tette flater, og forventa auke i nedbør vil då medføre ei auke i overvatn innanfor desse. Overvatnet må handterast, og det må sikrast at det lages ein plan for dette.
	Flomfare i store vassdrag (nedbørsfelt > 20km ²)	Nei	Ingen store vassdrag med ferskvatn innanfor planområdet.
	Flomfare i små vassdrag (nedbørsfelt < 20 km ²)	Ja	Planområdet ligg i nærheten av mindre vassdrag. Sjåstadelva ligg i NVE Atlas sitt aktsemeldskart for flaum.
	Stormflo	Ja	Kartverket si teneste «Se havnivå» viser at planområdet vil vere utsett for stormflo som følgje av framtidig havnivåstigning.
	Utglidning som følge av ustabile grunnforhold	Nei	NGUs løsmassekart viser at sjøarealet ved Leikanger stort sett består av marin strandavsetning (www.ngu.no). Det gjerast grunnundersøkelsar av grunnforholda i sjø.

KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONER OG INFRASTRUKTUR			Desse vil vise korleis stabiliteten er, og om det må gjera til tiltak ved utbygging av næringsareal og fylling av molo.
	Erosjon (langs vassdrag)	Nei	Planområdet ligg ved kysten, og det vil også føre til erosjon i Sjåstadelva. Erosjon blir ikke vurdert til å utgjere særleg risiko, då det ikke vert etablert byggverk i risikosoner for utglidning som følge av erosjon.
	Skredfare i bratt terreng (snø, is, stein, leire og jord)	Nei	Planområdet ligg utanfor NVE Atlas sine aktsemndsområde for skred i bratt terreng. Terrenget er relativt flatt, med ei svak helling mot sjø. (www.nve.no).
	Kvikkleireskred	Ja	Planområdet ligger under marin grense, og har derfor potensiell kvikkleire (www.ngu.no). Det er ikke påvist kvikkleire i grunnundersøkingar gjort til no. I utfyllande undersøkingar vil det og vere fokus på dette, og det må gjera til tiltak ved utbygging av næringsareal og fylling av molo.
	Skog- og lyngbrann	Nei	Ikkje aktuelt
	Lynnedslag	Nei	Utbyggingsområdet vurderes ikke som spesielt utsatt for lynnedslag.
FV620	Fv620	Ja	Uønskede hendelser som brann i næringsanlegg i planområdet vil kunne føre til at FV620 må stengast for trafikk. Du kan komme ut av området i begge retninger, men dette kan stenga for gjennomkjøring.
	Høyspenningsanlegg	Nei	Det er ingen høyspentlinjer i umiddelbar nærhet til planområdet. Plantiltaket vil ikke kunne påvirke høyspentlinjene. Hendelser ved høyspentlinjer vil, med unntak av brudd i strømforsyningen, ikke påvirke planområdet.
	Slokkevann	Nei	Området ligg i sjø, og det er ikke utfordringar med henting av sløkkevatn.

5. PROSESS

5.1. FRAMDRIFT

Reguleringsprosessen leggas opp i henhold til plan- og bygningslovens føresegner. Planprosess og konsekvensutgreiing vil foregå parallelt.

Framdrift	Dato
Oppstartsmøte med Stad kommune	April 2022
Kunngjering av planarbeid med høyring av planprogram	Mai 2022
Fastsetting av planprogram	September 2022
Utarbeiding av planforslag	September - november 2022
Førstegangsbehandling av planforslag	Desember 2022
Offentlig ettersyn	Desember 2022 - januar 2023
Endelig behandling	Februar 2023

5.2. MEDVIRKNING OG INFORMASJON

Regelverket for planlegging etter plan- og bygningslova, og forskrift om konsekvensutgreiing, sikrar betydeleg openheit og medverknad i planprosessen. Gjennom høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram blir det gitt moglegheit til å påverka kva problemstillingar som skal greiast ut i planarbeidet. Frist for innsending av merknader/innspeil er 04. juli 2022. I tillegg kjem vanleg høyring og offentleg ettersyn av planforslaget og konsekvensutgreiinga når desse gjeld.

Rørte grunneigarar innanfor, og tilgrensande til, planområdet vil bli varsle ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. I tillegg blir varsle statlege og regionale instansar, og frivillige organisasjonar som har interesser i området. Varsling skjer etter lister tilsendt frå Stad kommune. Varsling om oppstart av planarbeid blir gjord kjent med annonser i Fjordenes Tidende og Fjordabladet, og dessutan med oppslag på heimesida til Stad kommune, Feste Nordøst as og Nordplan as.

Behov for møte undervegs i planprosessen, med offentlege instansar, naboar og lokale interessentar, blir vurdert løpende. Det blir lagt opp til mest mogleg direkte kontakt i form av høve til å stilla og få svar på spørsmål.